

Statsforvaltarens tilråding til Miljødirektoratet om vern av skog for Modalen, Tokke kommune i Telemark



Utsyn over Modalen frå fjellgarden Ripilen. Dalsida til høgre (sørsida) i bilete ligg i verneforslaget.
Foto: Statsforvaltaren v/Rune Nordeide

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, mars
2026

Innhold

1.	FORSLAG.....	3
1.1	Heimelsgrunnlag	3
1.2	Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget	3
1.3	Andre interesser.....	5
1.4	Planstatus.....	5
2.	SAKSHANDSAMING	5
2.1	Sakshandsamingsprosessar.....	5
2.2	Konsultasjon med Sametinget og reinbeitedistrikt	5
2.3	Forholdet til utredningsinstruksen	6
2.4	Forvaltningsmyndighet	6
3.	VIKTIGE ENDRINGAR UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN	6
3.1	Namn.....	6
3.2	Avgrensing.....	6
3.3	Verneforskriftene.....	6
4.	OPPHEVING OG ENDRING AV TIDLEGERE VERNEVEDTAK	7
5.	FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVEN SAR	7
5.1	Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar	7
5.2	Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar	7
5.3	Avveging skogvern – skogbruk.....	7
5.4	Forvaltningsmynde	8
6.	Beskriving av kvart enkelt område med merknader.....	8
	Modalen, Tokke kommune	8

1. FORSLAG

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark tilrår vern av eit naturreservat i medhald av naturmangfoldloven (lov om forvaltning av naturens mangfold). Området er nytt naturreservat.

Tilrådinga omfattar 8530 dekar nytt verneareal. Totalt produktivt skogareal er 8020 dekar.

Området som blir foreslåtte verna, er:

1. Modalen naturreservat i Tokke kommune, Telemark fylke

1.1 Heimelsgrunnlag

Området blir foreslått vernet i medhald av naturmangfoldloven § 34 og § 62.

Området blir foreslått verna som naturreservat, jf. naturmangfoldloven § 37. Vilkåret for å kunne opprette eit naturreservat etter naturmangfoldloven § 37 er at arealet anten inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur, representerer ein bestemd naturtype, på annan måte har særleg betydning for biologisk mangfald, utgjer ein spesiell geologisk førekomst eller har særskilt naturvitskapleg verdi.

Naturreservata skal bidra til bevaringsmåla i naturmangfoldloven § 33, mellom anna bokstavane

a (variasjonsbreidda av naturtypar og landskap),

b (artar og genetisk mangfald),

c (trua natur og økologiske funksjonsområde for prioriterte artar).

Verneområdet skal bidra til å oppfylle fleire nasjonale mål som:

- *Eit representativt utval av norsk natur skal bevarast for kommande generasjonar.*
- *Økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester.*
- *Ingen trua artar og naturtyper skal utryddast, og utviklinga til truga og nær truga artar og naturtyper skal betras.*

Oppretting av verneområdet bidreg til å nå internasjonale mål og forpliktingar, m.a. nedfelte i konvensjonen for biologisk mangfald artikkel 8 om eit samanhengande verneområdenettverk, jf. òg naturmangfoldloven § 33 bokstav g.

Ved å verne desse naturområdet mot ulike typar inngrep, gir verneområdet også eit positivt bidrag til det nasjonale og internasjonale målet om å stanse tapet av naturmangfald, jf. naturmangfoldloven § 33 bokstav a, b og c.

Området vil bidra til å oppfylle det nasjonale målet vedtekne av Stortinget om 10 % vern av skog.

1.2 Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget

Det foreslåtte verneområdet inkluderer viktige naturtypar og mange trua og nær trua artar.

Vern av området bidreg til å redusere dei negative effektane av klimaendringane, gjennom å sikre eit nettverk av viktige leveområde for naturmangfaldet i norske økosystem. Det foreslåtte verneområdet har stor variasjon og rikt artsmangfald. Slike område er robuste mot endringar i klimaet og bidreg til langsiktig bevaring av artsmangfaldet og vidareføring av dei økosystemtjenester skogen gir. Vern av området vil bidra til langsiktig binding av karbon. Det meste

av skogen i denne tilrådinga er gammal barskog, som ifølgje rapporten Skogvern som klimatiltak (NINA rapport 752) har det største karbonlageret per arealeining i levande biomasse. Etter figur 1 i den same rapporten kan den gjennomsnittlege karbonmengda i levande biomasse i skog som blir verna, blir estimert til å vere om lag 70 tonn karbon per hektar.

I denne verneplanen er verneverdiane for området knytt til 13 naturtypar som vil bidra til å fylle manglar i vernet, samtidig vil det bidra til å bevare trua og nær trua artar.

Kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet i verneforslaget er innhenta frå

- *Lønnve O. J., Olberg S., Thylen A. 2019. Naturverdier for lokalitet Digernes, registrert i forbindelse med prosjekt Kalkskog 2018. NaRIN faktaark. BioFokus og Reiso, S. 2021.*
- *Blindheim, T. og Høitomt, T. 2021. Naturverdier for lokalitet Modalen, registrert i forbindelse med prosjekt Frivilligvern 2020. NaRIN faktaark. BioFokus.*
- *Naturbase: <https://www.miljodirektoratet.no/tjenester/naturbase>*
- *Artskart: <https://artskart.artsdatabanken.no/>*

Dei viktigaste påverknadsfaktorane på verneverdiane i området som blir foreslått verna er hogst, mogleg utbygging av kraftverk, skogsvegbygging og mogleg mineralutvinning. Vern av det foreslåtte området skal gjennom føresegner om slike tiltak sikre areal med viktige vernekvalitetar og bidra til dekning av viktige manglar i skogvernet. Området vil bidra til langsiktig og effektiv bevaring av trua naturtypar og levestad for at mange trua artar, og dermed redusere den samla belastninga på artar som har risiko for å døy ut.

Verneforskriftane opnar for at fleire pågåande aktivitetar kan førast vidare. Tiltak som isolert sett vurderast å ha lite å seie for verneformålet, kan i sum og over tid medverke til at verneverdiane ringast. For enkelte aktivitetar vil det derfor i tråd med prinsippa om samla belastning vere restriksjonar, slik at naturverdiane får eit auka vern. Dette er også i tråd med prinsippa om miljøforsvarlege teknikkar og lokalisering, og dessutan miljøringast betalar der det ut frå omsynet til verneverdiane er fastsette føresegner om mellom anna ferdsel og infrastrukturtiltak. Ut frå dagens kunnskap om artar og naturtypar i området vil dei aktivitetane som i samsvar med verneforskriftene kan førast vidare, med lita grad av sannsyn ha vesentleg negativ innverknad på desse artane, naturtypane og landskapselementa. Vernereglane tillèt likevel ikkje vesentlege inngrep i området.

Statsforvaltaren vurderer det slik at vernet med stor grad av sannsyn vil føre til ei positiv utvikling for artane og naturtypane, jf. naturmangfaldsloven §§ 4 og 5. Statsforvaltaren reknar at kunnskapsgrunnlaget er i tråd med kravet i naturmangfaldsloven § 8. Statsforvaltaren har ut frå ei føre-var-tilnærming i verneforslaget vektlagt moglegheita for fleire påverkingar av same slag, eller ein kombinasjon av fleire ulike påverknadsfaktorar (samla belastning). Det føreligg elles etter Statsforvaltarens oppfatning tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet, påverknadsfaktorar og effekten av vernet. Føre-var-prinsippet blir derfor ikkje ytterlegare vekt i denne saka.

For nærare beskriving av verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget, jf. naturmangfaldslovem kapittel II, blir det vist til omtale av verneområdet kapittel 6.

Dersom området ikkje blir verna, vil det vere andre sektorlovar som regulerer arealbruken framover og som skal vareta omsyna til biologisk mangfald.

1.3 Andre interesser

Kraft og energi:

NVE skriv at dei ikkje kan sjå at det ligg nettanlegg innanfor verneforslaget, og heller ikkje områdekonsesjonær Telemark Nett as har gjeve uttale.

Område grensar ikkje lenger til regulert vassdrag. Vernegrensa lå ved høyring 30 m frå ein sperredemning, men er etter ønskje frå regulant flytta til 100 m frå demninga ved Djupetjønneidet .

Bekken Høgbøåi var omfatta av konsesjon med frist for utbygging. Anlegget vart ikkje bygd innan fristen, og NVE ga ikkje utsett byggefrist da kraftlaget søkte på nytt.

Mineral

DMF har i to høve gjeve undersøkingsrett etter at Statsforvaltaren varsla oppstart av verneprosess. Siste undersøkingsrett heiter 0443/2026 Åmli. Firmaet som har fått undersøkingsretten antar at det er høye gehaltverdier av både sølv og kobber i Dalen-Åmli- Mobergområdet. De har estimert store drivverdige verdier. I verneforskrifta er det opna for innsamling av berbare prøver for firma som har fått undersøkingsrett.

Bygningar:

Ved Eivindvatn på gbnr 111/2 ligg det ei naust/bu som er avmerkt på vernekartet.

Vegar:

Ved Skafsåvegen vil verneområda grense til vegen. Vernegrensa er trukke 10 m frå vegkant slik at anlegget kan vedlikehaldas som i dag.

Frå garden Døli til Bakliane går det ein skogsbilveg som er grensa ut av verneområdet fordi vegen er planlagd rusta opp.

Andre interesser:

Øvre del av Modalen ligg i sone for leveområde villrein (kilde: Naturbase)

1.4 Planstatus

Aralet i dette verneforslaget er avsett som LNFR-område i Tokke kommune sin arealplan.

2. SAKSHANDSAMING

2.1 Sakshandsamingsprosessar

<i>Namn</i>	<i>Tilbod</i>	<i>Oppstart</i>	<i>Høyring</i>
Modalen	3.6.2020	29.10.2021	10.04.2025

2.2 Konsultasjon med Sametinget og reinbeitedistrikt

Ikkje aktuelt.

2.3 Forholdet til utredningsinstruksen

Verneforslaget er utarbeidd i samsvar med Utredningsinstruksen. I kapittel 1 og 2 grunngjev ein for verneforslaget på overordna nivå og samanhengen med nasjonale og internasjonale mål om å ta vare på eit utval av norsk natur blir klargjort. Vidare blir omtalt kort kva som eventuelt skjer med verneverdiane viss vernet ikkje blir gjennomført og kva verkemiddel som eventuelt kan vere relevante. I kapittel 5 blir samfunnsnytta av verneforslaget vurdert på eit overordna nivå, saman med økonomiske og administrative konsekvensar. I kapittel 6 blir omtalast og vurderast generelle kommentarar og konkrete merknader til verneforslaget frå ulike partar, styresmakter og interessegrupper. Etter avvegingar mellom verneverdiane i området og andre samfunnsinteresser er det undervegs i verneprosessen gjort endringar i vernereglar og avgrensing for verneforslaget.

Gjennomføringa i samsvar med rundskriv T-2/15 om saksbehandlingsreglar ved områdevern etter naturmangfaldslova, forvaltningslova og utgreiingsinstruksen har medført inkluderande prosessar som sikrar ei vellykka gjennomføring.

Gjennom verneplanprosessen er det gjort ei avveging mellom verneinteresser og andre brukar- og samfunnsinteresser. Verneforslaget er også i størst mogleg grad tilpassa dei ulike brukarinteressene i området. Krava i naturmangfaldsloven § 14 er dermed oppfylt.

2.4 Forvaltningsmyndighet

Aktuelle kommunar skal gjennom høyringsprosessen gi tilbakemelding på om dei ønskjer å få tildelt forvaltningsmynde for nye verneområde i tråd med gjelda politikk på området. Forvaltningsmynde blir fastsett gjennom forskrifta når område blir vedteke vernet. Tokke kommune har i høyringssvaret fremma ønskje å få mynde.

3. VIKTIGE ENDRINGAR UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN

3.1 Namn

Ingen forslag til endring av namn.

3.2 Avgrensing

Med bakgrunn i høyringfråsegn er det to endringar som har ført til ein reduksjon på 46 daa:

- Langs fylkesveg 450 Skafsåvegen er vernegrensa flytta 10 m frå vegkant. Tidlegare lå den om lag 1 m frå vegkant i eigedomsgrensa.
- Ved sperredammen ved Djupetjønneidet er vernegrensa flytta frå 30 m til 100 m etter innspel frå Skafså kraftverk. Årsaka er framtidig behov for riggplass ved rehabilitering.

3.3 Verneforskriftene

Det er etter høyringa gjennomført nokre mindre endringar i forslaga til verneforskrifter. Dette kjem av tilpassingar til direktoratets mal som er endra sidan høyringa.

I §§ 4 og 7 er dei to føresegna knytt til kraftliner teke ut sidan det ikkje er påvist kraftliner i verneforslaget.

I §7 h kan eigar av gbnr 111/1 med naust ved Eivindvatn søkje om transport av ved, materialar og utstyr. Også gbnr 111/16 kan søkje, sjølv om hytta ligg utanfor verneområdet.

I § 7 i er det opna for uttak av berbare steinprøver for firma som har fått undersøkingsrett frå Direktoratet for mineralutvinning.

I §11 er Tokke kommune ført opp som forvaltningsstyresmakt siden kommunen frå før av har denne mynden, og også ønskjer dette for verneforslaget.

4. OPPHEVING OG ENDRING AV TIDLEGERE VERNEVEDTAK

Ikkje relevant sidan Modalen blir eit nytt verneområde.

5. FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVEN SAR

5.1 Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar

Området er i arealplanane til kommunane avsett til Landbruks-, natur-, friluftsliv- og reindriftsområde (LNFR-område). Kartleggingar av naturverdiane i området er gjennomførte som del av verneplanprosessen. I nokre tilfelle er eksisterande data brukte som utgangspunkt for vurdering av verneverdi. Bruksinteresser er klarlagde gjennom høyring av verneforslag og annan kontakt med partar saka vedkjem.

Vernet vil avgrense dei framtidige mogleheitene for m.a. skogbruk, jordbruk, mineralutvinning regulering av vassdrag, nedbygging og anna omdisponering frå natur til andre formål. Det er elles i verneplanprosessen lagt vekt på å komme andre interesser i møte gjennom avgrensing og forskriftsutforming.

Statsforvaltaren meiner at verneforslaget slik det no ligg føre har små negative konsekvensar. Samla sett vurderer Statsforvaltaren det slik at dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av vernet vil vere positive på sikt. Forslaget vil sikre natur som har ei positiv samfunnsnytte, sjølv om denne ikkje kan verdsetjast. Forslaget vil samtidig bidra til oppfylling av nasjonale og internasjonale forpliktingar om å vareta naturmangfaldet. Verneforslaget vil også sikre viktige område for friluftsliv.

5.2 Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar

Dei største kostnadene som følgje av etableringa av verneområdet vil vere utgifter til forvaltning og skjøtselstiltak for å halde oppe verneverdiane. I tillegg vil det kunne vere behov for å restaurere natur i delar av området.

5.3 Avveging skogvern – skogbruk

Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet fekk den 1. juli 2020 i oppdrag frå Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet å greie ut forvaltningstiltak knytt til skogvern og konsekvensar for avverknaden og bidraget skognæringa hadde til det grønne skiftet. I rapport M-2007-2021 har direktorata foreslått retningslinjer for avvegingar.

I oppdrag frå Klima- og miljødepartementet datert 8.11.2021 bad Klima- og miljødepartementet om at forslaget blir sett i verk, med nokre mindre justeringar. For privateigd skog skal forslaget setjast i verk for område der det blir motteke tilbod etter 1. februar 2022, og ved vern av offentleg eid grunn for område der det blir meldt oppstart frå og med same dato.

Området som blir omfatta av denne verneplanen er tilboden for frivillig vern av grunneigar før 1. februar 2022. Det blir derfor ikkje omfatta av oppdraget frå Klima- og miljødepartementet .

5.4 Forvaltningsmynde

Statsforvaltaren har i samband med høyringa fått stadfesta at Tokke kommune kommune ønskjer å overta forvaltningsmynde for Modalen.

6. Beskriving av kvart enkelt område med merknader

Modalen, Tokke kommune

Totalareal 8 530.

Produktiv skog 8020 dekar.

Verneformål og særskilte verneverdier:

Formålet med forskriften er å bevare eit område som

- a. representerer bestemt type natur i form av bratte lisidar med ein mosaikk av rik edellauvskog og gamal barskog
- b. inneheld trua og sjelden eller sårbar natur som naturtypene frisk rik edellauvskog og høgstaude granskog med trua arter som alm, ask og dødvedsopp
- c. inneheld ein viktig geologisk førekomst i form av ein lang samanhengande lisode med mange bekkekløftar.

Faktaarka for tilbodsområdet Modalen og Smogåggjuvet er frå 2021. Etter det har grunneigarane teke ut eit større området i Ripilei mellom Nystøyl og Ripilen slik at det no er to separate tilbodsområder. Det var ikkje registrert særskilde verneverdiar i området som er teke ut, men bekkekløfta Tekslåi er no utanfor. Sidan faktagrunnlaget er skrive medan det var eit område, vert Modalen og Smogåggjuvet skildra som eit område i teksten under

OMRÅDESKILDRING

Området ligg i sin heilskap i Tokke kommune i Telemark og strekkjer seg frå Dalen sentrum i aust og ca. 15 kilometer vestover langs elva Dalåi. Området utgjer nordvende dalsider inn til Ripilen, men vest for Ripilen inngår også sørvende lisider. I tillegg inngår fjellskogsområde rundt Ripilen. Området har stor topografisk variasjon både på landskapsnivå og lokalt. Det er ein stor hoveddal som dannar nord og sørvende lisider og berg, og dessutan sidekløfter til desse og variert, men noko rolegare topograf i høgareliggjande delar. Det går ei rekkje bergartstypar i smale til breie band på tvers av dalføret. Sandstein, amfibulitt, ryolitt, grønstein vekslar aust for Ripilen, medan det i dei vestre delane har ein større del med granittisk gneis. Avhengig av overlaging av lausmassar, forvitring og utvasking har heile området innslag av både fattig og rik vegetasjon, men det er heilt klart ein større del rik vegetasjon aust for Ripilen.

Det er utført kartlegging av Mis figurar i delar av undersøkingsområdet som ein del av skogbruksplanlegginga. Området er kartlagt for naturtypar etter metodikk DN handbok 13 i samband med regionale kartleggingar av bekkekløfter i 2008 og edellauvskog i 2009-2010. Desse kartleggingane er supplerte med nye lokalitetar frå 2020 slik at det er avgrensa 18 kjerneområde innanfor undersøkingsområdet. 11 av desse er gitt verdi som svært viktig (A) medan dei resterande 7 er gitt verdi som viktig (B).

Noreg er delt inn i 7 bioklimatiske seksjonar der områda ligg i svakt oseanisk vegetasjonsseksjon O1. 10% av området ligg i sørboreal vegetasjonssone, 50% i mellomboreal og 40 % i nordboreal.

VEGETASJON, SKOGSTRUKTUR OG PÅVERKNAD

Store delar av området i den lange nordvende lisida er dominerte av blåbærskog og svak lågurtskog. Innimellom finst rikare areal med både lågurtskog og høgstaudeskog. Dei rikaste areala ser ut til å vera konsentrert i dei nedre delane av liene. Dette kjem av eit mektig lausmassedekke som strekkjer seg langt opp i *lisidene. Dei sørvende og lågtliggjande delane av området blir prega av varmekjær og rik vegetasjon. Oppe i høgda er vegetasjonen gjennomgåande noko fattigare, men gjerne med eit litt meir humid preg.

Skogstrukturen og grada av påverknad varierer gjennom området, men nokså store delar av området er tydeleg påverka av tidlegare tidars plukk- og gjennomhogstar. Heilt nye hogstinnngrep finst berre unntaksvis heilt i ytterkanten av området og dessutan på eit par stader litt vest i området. Delar av dei mest produktive og lettast tilgjengelege liene vart truleg meir eller mindre flatehogget på 1950- eller 1960 talet. Gamle, gjengrodd driftsvegar oppe i liene og tydelege felt med yngre skog blir viste på flybilete frå 1970-talet

Sidan produktiviteten er gode på lausmassane i store delar av den lange nordvende lia, har skogen komme nokså raskt opp igjen etter hogst. Særleg i blandingsskogmiljø vil førekomst av mange ulike treslag føra til at skogen ganske raskt står fram som sjiktet. Produksjonen av dødved er førebels ganske liten i store delar av lia, men i fleire av kjerneområda og enkelte stader elles finst til dels rikeleg med dødved. Det finst dødved av alle treslag, men gran er overrepresentert. Læger i tidlege og mellomliggjande stadium er vanlegast, men stadvis finst læger også i seinare nedbrytningsstadium. I store delar av området vil mengda dødved auka ganske betydeleg dei neste tiåra. Det finst store areal med eldre, men nokså strukturfattig skog på god bonitet, og i desse miljøa blir dødved danna raskt. Den nordvende plasseringa i ei bratt li skaper humide forhold i store delar av området. Dette gjer at ein større del av lægrene klarer å halda på fukta gjennom nedbrytningsprosessen enn dei vil gjorde i ein tørr, sørvend li. Dette gjer storkane eigna for eit ganske stort mangfald av vedbuande organismar.

Dei eldste trea finst hovudsakleg i dei skrinna delane av området. Den langsame omsetninga gjer at det heller ikkje her finst så veldig mykje dødved. Med unntak av spreidde element, stammar det meste av dødveden i dei høgareliggjande delane frå ei stormfelling for nokre tiår sidan. Desse stormfelte trea er ofte samla i større og mindre vasar i eksponerte delar av området, særleg ut mot "brekket" der liene ned mot Modalen startar. I austlege delar finst ein del spor av styving på eldre almetre. I midtre og vestre delar er det færre spor etter *styving og edellauvtrea førekjem meir som slanke og høgreste.

Det finst noko dødved av alle treslaga, men stadvis kan dette komma av ustabilitet i større gran enn høg alder på trea. Ein del edellauvstrær er imidlertid såpass gamle at epifyttfloraen er godt utvikla.

VERNEINTERESSER

Artsmangfold

I dette avsnittet er mellom anna såkalla «raudlista» artar omtalt. Det er artar som er sjeldne og som er gitt ulik status etter kor stor fare det er for utrydding. Status er henta frå Norsk raudliste for artar 2021 hjå Artsdatabanken. EN = sterkt trua, VU = sårbar, og NT = nær trua, der «sårbar» er meir sjeldan enn «nær trua».

Det er gjort eit avgrensa søk for berre Modalen, og det er gjort 138-, og 33 unike, funn av raudlista artar. Desse spreier seg med 6 sterkt trua EN, 6 sårbare VU, 20 nær trua NT og ein datamangel (DD). Dei sjeldne og trua artane finnes i ulike habitat og i mange artsgrupper. Desse fordeler seg på jord- og vedboande sopp, moser, lav og karplantar.

Naturtypar

Store delar av området i den lange nordvende lisida er dominerte av blåbærskog og svak lågurtskog. Innimellom finst rikare areal med både lågurtskog og høgstaudeskog. Dei rikaste areala ser ut til å vera konsentrert i dei nedre delane av liene. Dette kjem av eit mektig lausmassedekke som strekkjer seg langt opp i lisidene. Dei sørvende og lågtliggjande delane av området blir prega av varmekjær og rik vegetasjon. Oppe i høgda er vegetasjonen gjennomgåande noko fattigare, men gjerne med eit litt meir humid preg.

Området er kartlagt etter DN-håndbok 13. Etter dette systemet er det i Modalen avgrensa 13 naturtypar der 8 A (svært viktig) og 5 B (viktig). Norsk raudliste for naturtypar 2018 er basert på kartleggingssystemet Naturtyper i Norge (NiN). Dessverre er ikkje dei to systema konvertible, og me kan derfor ikkje seie sikkert kor mange av dei registrerte naturtypene etter DN13-metodikken som er raudlistede naturtypar. Men artslista og omtale av naturtypene indikerer at mange av dei ville hatt en raudliste kategori. Det er frisk rik edellauvskog (NT) og høgstaudegranskog (NT) som er trua naturtypar.

*Modalen vil være eit viktig tilskot til vernearbeidet i Tokke-Bandak området. Avstanden til verneområda langs Tokkeåi og Bandak er ikkje særleg stor, og det nye området vil inngå i eit viktig nettverk av verneområde i denne hotspot-regionen. Samla var Modalen og Smogågvjuvet vurdert av kartleggerane å inneha nasjonale og internasjonale kvalitetar (****). I Vestfold og Telemark har Miljødirektoratet bedt skogeigarforeningane og Statsforvaltaren prioritere følgjande (brev 08/2024): kalk-, lågurt- og høgstaudeskog, gammal barskog, bekkekløfter, raviner og flomskogsmark . Her dekkjer verneforslaget dei tre fyrste kategoriane. Vidare dekkjer verneforslaget følgjande manglar; raudlista naturtypar og artar, skog i mellomboreal sone og skog med ein stor andel naturskognærleik.*

Inngrepsstatus og andre interesser:

Dette er skildra i kapittel 1.3.

Samandrag av høyringsfråsegnene:

Verneforslaget var sendt på høyring i lag med 3 andre områder i Telemark. For Modalen er desse høyringspartane skreve til;

Grunneigare, Telemark fylkeskommune, Tokke kommune, Tokke sau og geit, Birdlife Norge, Naturvernforbundet i Øst-Telemark, Naturvernforbundet i Midt-Telemark, Naturvernforbundet i Vest-Telemark, Forum for natur og friluftsliv i Telemark, Naturvernforbundet i Telemark, Norges jeger og fiskerforening Telemark, Birdlife Telemark, DNT Telemark, Vestfold og Telemark orienteringskrets, Skagerak Energi AS, Skagerak Kraft AS, Vest-Telemark Kraftlag AS, Øst-Telemarkens Brukseierforening, Arendal Vasdrags Brugseierforening, Telemark Energi AS, Telemark Nett AS, DE Nett AS, Småkraft AS, Lede AS, Telemark Bonde- og Småbrukarlag, Telemark Bondelag, Telemark Botaniske Forening, Aust-Telemark Sau og Geit, Telemark Sau og Geit, AVINOR AS, Bane NOR SF, Den norske turistforening, Direktoratet for mineralforvaltning med bergmesteren for Svalbard, Forsvarsbygg, Friluftsrådenes landsforbund, Landbruksdirektoratet, Luftfartstilsynet, Natur og Ungdom, Norges Naturvernforbund, NHO Reiseliv, Norges Bondelag, Norges Geologiske Undersøkelse, Norges Handikapforbund, Norges Idrettsforbund og Olympiske og Paralympiske komité, Norges Jeger- og fiskerforbund, Norges Luftsportforbund, Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet, Norges Miljøvernforbund, Norges Orienteringsforbund, Norges vassdrags- og energidirektorat, Norges Biologforening, Norges Bonde- og Småbrukarlag, Norsk Botanisk Forening, Norsk Friluftsliv, NIBIO Norsk Institutt for Bioøkonomi, Stiftelsen norsk institutt for naturforskning NINA, Norsk organisasjon for terrengsykling, Norsk orkideforening, Birdlife Norge, Norsk Sau og Geit, Norsk Zoologisk Forening, NTNU Fakultetet for naturvitenskap, NTNU Vitenskapsmuseet, SABIMA, Statens kartverk, Statkraft SF, Statnett SF, Språkrådet, Statens vegvesen vegdirektoratet, Stiftelsen WWF verdens naturfond. I tillegg har firmaet Elements29 as fått moglegheit til å uttale seg på oppmoding frå Direktoratet for mineralforvaltning.

Det har kome 11 høyringsfråsegn til verneforslaget.

Bane Nor

Vi viser til brev, datert 10.04.25. Bane NOR har ingen merknader.

Forsvarsbygg

Vi viser til mottatt materiale. Forsvarsbygg uttaler seg med den hensikt å ivareta Forsvarets arealbruksinteresser. I bestemmelsene er det sikret unntak for militær operativ virksomhet samt avgang og landing med Forsvarets luftfartøy. Vi har derfor ingen ytterligere kommentarer til verneforslaget og anser Forsvarets behov som ivaretatt.

Statens vegvesen

Modalen og Smågogjuvet (Tokke) ligg for det meste langt frå offentleg veg, men i aust grenser område til fv. 450 Skafsåvegen. Telemarks fylkeskommune vil følgje opp naudsynt fråstand til fylkesvegen.

Norges vassdrags- og energidirektorat

Vi viser til melding om høring om verneprosess for utvidingen av Jønngiljo, Tiurkollen, Modalen og Smogåggjuvet. (Lenke til NVE Atlas). NVE har sett gjennom verneforslaget for de foreslåtte verneområdene med tanke på energi- og vassdragsinteresser som eksisterende og planlagte energi- og nettanlegg, vannkraftverk, hydrologiske målestasjoner m.m.

Smogåggjuvet grenser til Strandstølvatn som er en del av Tokke-Vinje reguleringen. Det ligger en sperredam ved verneområdet. Etter innspill fra Statkraft om behovet knyttet til vedlikehold, rehabilitering og ombygging av dammen har Statsforvalteren grenset ut et område fra utløpet til

nedstrøms av demningen. Statkraft melder tilbake at en slik avgrensning gjør det mulig å vedlikeholde og oppgradere vassdragsanlegget uten at det berører verneområdet. NVE var i kontakt med Hallgeir Kleiv i Statkraft som melder tilbake at de ikke har noen ytterlige kommentarer til verneforslaget og anser avgrensningen som tilstrekkelig. I det foreslåtte verneområde Modalen fikk Vest-Telemark Kraftlag AS i 2016 konsesjon for å bygge Heibøåi kraftverk. Kraftverket ble ikke bygd innen fristen. I november 2024 ble søknaden om utsatt bygge frist avslått av NVE på grunn av ny kunnskap om biologisk mangfold og stor negativ påvirkning av kraftutbyggingen som ikke kunne reduseres i tilstrekkelig grad med avbøtende tiltak. I forbindelse med meldingen om oppstart av skogvern har Skafså kraftverk ANS som har en konsesjon for regulering av vannmagasinene Urvatn og Borsæ uttalt at de har fire sperredammer ved Borsæ. Skafså kraftverk ANS ba statsforvalter om å ta hensyn til tiltak nødvendig for drift, vedlikehold og oppgradering av sperredammene. Skafså kraftverk ANS ba blant annet om å flytte vernegrensen til HRV + 1 meter, dvs. til kote 757,13 moh. I tillegg ba Skafså kraftverk ANS om å grense ut steinuttak, areal som er dekt av dammer med 10 meter klaring nedstrøms og sideveis. Statsforvalter mener at siden grunneierne trukket ut arealet som grenser til Borsæ fra tilbudet, berører ikke vern vassdragsanlegg og reguleringen. NVE ber Skafså kraftverk ANS om å vurdere verneforslaget og uttale om det er behov for ferdsel eller anleggsarbeid i verneområdet. Vi legger merke til at Skafså kraftverk ANS er ikke med i adresseliste til høringen. Vi ber statsforvalter om å ta kontakt med Skafså kraftverk ANS for å forsikre at avgrensningen er tilstrekkelig og de har ikke noe behov for arbeid og motorferdsel i naturreservatet. Vi kan ikke se at det ligger noen nettanlegg i dette området og ber områdekonsesjonærer Telemark Nett AS om å uttale seg om verneforslaget kommer i konflikt med noen eksisterende eller planlagte anlegg i dette området.

Skafså kraftverk ANS

Skafså kraftverk ANS blir bedt om å komme med ei uttale til avsnitt under Smogåggjuvet og Modalen i brev fra NVE datert 02.06.2025. Delar av det foreslått verne området ligg nærme ein av fyllingsdammene til Skafså kraftverk, med den grensa som er skissert vil det bli problematisk ved rehabilitering av dam. Det gjeld kun området sør for Djupetjønneidet. Dammane vil trenge rehabilitering med jamne mellomrom, difor veit me i dag at det vil komme på eit tidspunkt, men uvist når tid. Hovudtilsyn avgjer kva for tiltak og når tid det vil vera nødvendig å gjera noko. Når ein rehabiliterer dammane vil det vera behov for anleggsarbeid og ferdsel i området. Ei grense på ca 30 meter frå dammen vil vera i minste laget for å kunne gjera nødvendig arbeid. Ber difor om å vurdere å auke avstanden frå dam til verna område til 100 meter (sjå vedlegg).

Lede

Lede har ikkje områdekonsesjon i Tokke kommune, der verneområdet for Modalen naturreservat og Smogåggjuvet naturreservat er føreslått plassert. Vi ber derfor SFVT om å kontakte gjeldande områdekonsesjonær, Telemark Nett AS, for føresegner. Lede eig og driftar anlegg som er etablert i samsvar med anleggskonsesjon innan kommunen. Nettanlegg som vert drifta i samsvar med tildelte anleggskonsesjonar (høgspentanlegg på regionalnettnivå) har god avstand til verneområdet. Det finst ingen planar om å etablere nye regionalnettanlegg nær ved verneområdet som er føreslått.

Telemark fylkeskommune

Fylkeskommunen har koordinert høyringa internt, og vil i punkta nedanfor kommentera på dei delane av verneforslaget som kan påverka ansvarsområda våre:

Vilt og fisk. Fylkeskommunen kan ikkje sjå at verneforslaga vil berøra regionale vilt- og fiskeinteresser negativt.

Kulturarv. Innenfor områda er det ikke kjente nyere tids kulturminner av nasjonal verdi. Det kan likevel være viktige kulturminner av lokal verdi, som ikke er fredet, og som fylkeskommunen ikke har

kjennskap til. Kommunen som har forvaltningsansvar for kulturminner som ikke er freda, må gjøre en vurdering av dette. Statsforvalteren bør vurdere om det i utvalgte områder kan åpnes for uttak av enkelte tre med spesiell god kvalitet, til antikvarisk istandsetting av middelalderbygg.

Tokke kommune

Tokke kommune sender høyringsuttale til Statsforvaltaren med fyljande punkter: Tokke kommune ynskjer forvaltningsmynde for Modalen og Smogågjuvet naturreservat. Verneforskrifta må utformast slik at Heibøåvegen kan nyttast, vedlikehaldas og evt utbetrast utan at vernereglane er til hinder for dette.

Direktoratet for mineralforvaltning

Fråsegn 4.6.2025: Foreslått område for Modalen naturreservat i Tokke kommune, rører ved ein undersøkingsrett etter statens mineral, tildelt av DMF 31.01.2025, for minerala bly, gull, kopar, molybden, sink og sølv. Retten er namngitt Dalen 4 og er gitt til Element29 AS. Undersøkingsretten var ikkje tildelt da det ble varsla om oppstart av verneprosessen i oktober 2021, og DMF hadde på dette tidspunktet ingen merknad til vern av området. DMF ber Statsforvaltaren om å orientere rettshavar om verneprosessen og høyre om det er planlagt eller gjort undersøkingar i området. For området Smågogjuvet har DMF ingen merknad.

Fråsegn 16.2.26 etter Statsforvaltarens førespurnad:

Rettighetssituasjonen

Undersøkelsesretten Dalen 4, 0379/2025, som vi har vist til i uttalelsen var en rettighet som var tatt opp på tidspunktet for vår uttalelse. Rettigheten ble fristilt 18.12.2025. 0074/2026 er fra en søknad som har blitt trukket, men erstattet av en ny søknad, 0443/2026 Åmli, datert 04.02.2026. 0443/2026 berører foreslåtte verneområde på samme måte som opprinnelig omsøkte 0047/2026. Nå omsøkte rettigheter 0443/2026 delvis overlapper også med den nå fristilte rettigheten, 0379/2025.

https://dirmin.no/data/bergrettigheter/UNDERSOEKELSEST-0443_2026 Normalt vil slike rettigheter bli tildelt.

Naturmangfoldloven § 44

Angående vurderingen etter naturmangfoldloven § 44 har ikke DMF noen praksis å avvise søknader på dette grunnlaget. En undersøkelsesrett gir i utgangspunktet en enerett på undersøkelser etter statens mineraler, ikke en tillatelse til konkrete undersøkelsesarbeider. Hensynet til ev. kryssende hensyn er ivaretatt ved minerallovens varslingsregler, jf. § 17, hvor kommunen, fylkeskommunen og statsforvalteren blir orientert om forestående undersøkelsesarbeider. Det blir endringer på hvordan undersøkelsestillatelser kan utformes som følge av ny minerallov som trer i kraft 1. juli i år, men dette får ikke tilbakevirkende kraft. Et verneområde, uten vilkår som åpner for å drive undersøkelser, vil være en betydelig begrensing i muligheten til å drive undersøkelser etter mineralressurser. Tilgang til ulike mineraler er som kjent noe som det er et stadig større fokus på. Om et område skal vernes må det baseres på en konkret vurdering i det enkelte tilfelle, der rettighetssituasjon og informasjon om mineralressurser må inngå i vurderingen. Det er flere måter å undersøke etter mineraler, og det kan ikke antas at dette ikke er mulig bare fordi et område er bratt. Når det gjelder drift, viser vi til Teakos presentasjon med henvisning til at gruvedrift kan foregå under bakken, med begrenset direkte påvirkning på naturen. Hvilken drift som ev. er mulig å få til, herunder med hensyn til håndtering av avgangsmasser, er noe man kan ta stilling til først etter at en ressurs er undersøkt.

Element 29 AS

Element29 AS har planer om mineralundersøkelser i dette området senere i år, da vil de ha bedre oversikt og kan gi bedre tilbakemelding. Slik det ser ut nå vil det foreslåtte verneområdet dekke mye av den potensielle grunnen for kobber i dette området. Element29 AS ber derfor om utsettelse på endelig avgjørelse av "Frivillig vern av skog ved Modalen og Smogågjuvet i Tokke kommune" inntil de

har utført mineralundersøkelser i området. Element29 AS ber om møte med SFVT, hvor de kan redegjøre nærmere for fremdrift og omfang av sine undersøkelser i området.

Norsk orientering

Anmodning om at orientering tillates. Norsk Orientering vil gjerne gjøre Statsforvalteren oppmerksom på Norsk Friluftsliv sitt brev til Miljødirektoratet «FORSKRIFTSMAL FOR NATURRESERVATER – FORSLAG TIL ENDRINGER», vedlagt. I tråd med brevets forslag til endringer i forskriftsmalen punkt 1 og 2, ber vi om at orientering tillates i verneområdene.

Statsforvaltarens kommentarer:

Forsvarsbygg, Bane Nor og Lede: Statsforvaltaren tar fråsegna til etterretning.

Statens vegvesen: Tilbodsgrensa følger eigedomsgrensa mellom grunneigar og fylkeskommunen (vegstyresmakt). Grensa er berre om lag 1 m frå vegkant. Skafsåvegen ligg i ei bratt li. For å hindre motsegn mellom vern og vegvedlikehald, meiner Statsforvaltaren det er rett å trekkje vernegrensa 10 meter frå vegkant over dei 800 meter der vernegrensa går tett på fylkesveg 450. Etter 4 d i verneforskrifta kan vegen vedlikehaldast som i dag utan søknad. Opprusting vil krevje søknad etter naturmangfoldlova §48. I tillegg er det i §7 bokstav j lagt til følgjande: *nødvendige tiltak mot ras, skred og flaum langs Skafsåvegen.*

Norges vassdrags- og energidirektorat og Skafså kraftverk ANS. Statsforvaltaren registrer at det ikkje har kome opplysningar om at det er kraftlinjer i eller tett på verneområdet. I verneforskrifta var det tatt høgde for dette, men desse føresegna kan da takast ut. Skafså kraftverk ønskjer å auke avtanden mellom vernegrensa og sperredammen ved Djupetjønneidet frå 30 m til 100 m. Det er grunngeve behov for rehabilitering. Statsforvaltaren er samd i at det her gjerast tilpassingar ved å flytte grensa.

Telemark fylkeskommune. Ved utarbeiding av forskrift nyttar Statsforvaltaren ei mal frå Miljødirektoratet. Det er ikkje opna for uttak av skog eller enkelttre med mindre det fremjar naturverdiar. Statsforvaltaren kan ikkje sjå det er grunnlag for å ta ut store tre i eit naturreservat sjølv når føremålet er så godt som å restaurere bygg frå middelaldaren. Naturreservat utgjør berre 5,4 % av skogarealet i Noreg, og der bør vera mogleg å finne vyrke på utsida av vernegrensa.

Tokke kommune. Statsforvaltaren merkar seg at kommunen ønskjer å vera forvaltningsmynde, og legg til rette for dette i verneforskrifta. Etter ønskje frå grunneigarane er Heibøåvegen grensa ut av verneområdet, og verneforskrifta har difor ikkje føresegn for skogbilveger.

Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) og Element 29 AS. Etter høyringsfråsegn frå DMF har Statsforvaltaren skreve til firmaet Element 29 og hatt møte med dei. Firmaet sitt svar er tatt inn som høyringsfråsegn. Statsforvaltaren har også skreve nytt brev til DMF og NGU da undersøkingsfelt *Dalen 4* som DMF refererer til ikkje finst på kartlag frå DMF. Vi har bedt DMF og NGU gje supplerande informasjon. Når Statsforvaltaren skriv denne tilrådinga, har vi ikkje fått svar på førespurnaden til NGU. DMF har svart at undersøkingsfelt *Dalen 4* gjekk ut etter at søker trakk seg. Samtidig skriv direktoratet at dei har erstatta det utgåtte feltet med et nytt felt *Åmli 0043/2026* som fortsatt ligg innafor området som er foreslått verna. Firmaet bed om utsetting av verneprosess til dei har gjort ferdig undersøkingar. I møtet kom det fram at dette kunne ta eit til to år avhengig av interesse frå investorar. Statsforvaltaren finn ikkje grunnlag for å setje verneprosessen på pause. Det er snart 6 år sidan grunneigarane fremja vernetilbodet, og DMF gjer undersøkingsrett etter at det vart varsla oppstart. Etter naturmangfoldlova § 44 kan eit forvaltningsorgan «*utan vidare avslå en søknad om tillatelse mv.*» Statsforvaltaren meiner difor det er rett å la verneprosessen gå vidare, og

er kjend med at det før vedtak er ei høyring mellom dei departement med interessa som vert ramma. I verneforskrifta §7 bokstav i er det etter søknad opna *for innsamling av mindre berbare prøver for mineralundersøkingar når søker har fått undersøkingsrett i eit bergrettighetsområde etter minerallova*

Norsk orientering. Ved utarbeiding av forskrift nyttar Statsforvaltaren ei mal frå Miljødirektoratet. I malen er det ikkje opna for særskild tilpassing for orienteringssporten. Førespurnaden må seiast å være generell, og har da også vert retta til direktoratet. Når ikkje direktoratet har valt å etterkomme ønskje, finn ikkje Statsforvaltaren grunnlag for ei særskild tilpassing for orienteringssporten. Det er mogleg å søke om arrangement etter §7 i forskrifta.

Navn

Statsforvaltaren tilrår namnet Modalen naturreservat som i høyringsforslaget.

Avgrensing

Statsforvaltaren tilrår avgrensinga som i høyringsforslaget med to tilpassingar som følgje av høyringsfråsegn; langs Skafsåvegen Fv. 450 og ved sperredemninga på Djupetjønneidet.

Verneforskrift

Det er gjort mindre endringar av verneforskrifta etter høyringa som følgje av ny mal frå direktoratet. Noko er lagt til i §7, og dette er nærare skildra i kapittel 3.3.

Statsforvalterens tilråding:

Statsforvaltaren tilrår at området blir verna som naturreservat med endring i verneforskrift og vernekart som beskrive.

Vedlegg:

Vedlegg 1. Forslag til vernekart for Modalen i Tokke kommune

Vedlegg 2. Verneforskrift

Vedlegg 3. Høyringsfråsegn samla.